



Dokumenttype:	Revideres av:	Dokumentnummer:	Versjon:	Prosess:
Skjema	Trine Sørensen	RMKS-9-2377	1.6	Felles helse, omsorg og velferd; Felles oppvekst; Felles fellesrutinar; Felles helse og psykiatri

Søknad om koordinator

Ikkje offentleg

Namn:	Personnr.
Adresse	Postnr. og sted
Telefonnr./ Mobiltelefon	Bustadkommune/ Statsborgarskap

Sett kryss

Eg søker med dette om å få oppnemnt ein koordinator	<input type="checkbox"/>
Eg ynskjer å byte koordinator	<input type="checkbox"/>

Skriv kort om kvifor du ynskjer koordinator og evt. individuell plan (IP):

I dag mottek eg tenester frå:	I samband med søknaden gir eg samtykke til at sakshandsamar innhentar informasjon frå:
(Sett kryss)	(Sett kryss)
<input type="checkbox"/> _____ barnehage/ skule	<input type="checkbox"/> _____ barnehage/ skule
<input type="checkbox"/> Sosial/ NAV	<input type="checkbox"/> Sosial/ NAV
<input type="checkbox"/> Barnevern	<input type="checkbox"/> Barnevern
<input type="checkbox"/> Psykisk helseteneste	<input type="checkbox"/> Psykisk helseteneste
<input type="checkbox"/> Helsestasjonen	<input type="checkbox"/> Helsestasjonen
<input type="checkbox"/> _____	<input type="checkbox"/> _____
Lege _____	Lege _____
<input type="checkbox"/> Pleie- og omsorgstenester	<input type="checkbox"/> Pleie- og omsorgstenester
<input type="checkbox"/> Eining Tilrettelagde tenester	<input type="checkbox"/> Eining Tilrettelagde tenester
<input type="checkbox"/> PPT	<input type="checkbox"/> PPT
<input type="checkbox"/> Andre: (Døme: spesialisthelseteneste)	<input type="checkbox"/> Spesialisthelseteneste
_____	_____
_____	_____

Eg har forslag til koordinator: _____.

Eg samtykker til at koordinator kan innhente naudsynt informasjon og ha tverrfagleg dialog med aktørane i arbeidsgruppa.

Dato og underskrift:

For barn under 18 år skal foreldra skriva under, men barnet skal sjølv skriva under saman med dei, når barnet er over 15 år. Når brukar ikkje har samtykkekompetanse, skal søknaden underteiknast av næraste pårørande eller hjelpeverje.

Informasjon om koordinator og individuell plan, IP

Dersom du har behov for langvarige og koordinerte tenester, har du rett til å få oppnemnt ein koordinator.

Koordinator:

Menneske med omfattande hjelpebehov saknar ofte ein fast person i kommunen som kan hjelpe dei med å finne fram i systemet og samle hjelpeapparatet til ei arbeidsgruppe for å sikre at brukaren får eit heilskapleg tilbod.. Ein koordinator vil kunne hjelpe til med nettopp dette. Koordinator vil ha tett samarbeid med tenestemottakaren.

Som koordinator ligg det i rolla at personen skal leie arbeidet framover saman med tenestemottakaren og dei aktuelle aktørane. I dialogen med desse skal ein kunne utveksle **naudsynt** og **relevant** informasjon. Ved søknad om koordinator gir ein sitt samtykke til dette.

Individuell plan gir ikkje ein utvida rett til tenester, men er ein måte å organisere arbeidet på. IP er noko ein kan vurdere undervegs dersom ein ser at dette vil vera eit godt verktøy for arbeidsgruppa..

Individuell plan:

Føresetnad for individuell plan (IP) er at tenestemottakaren samtykker til at alle deltakarane i arbeidsgruppa får utveksle naudsynt informasjon.

IP:

- ein planprosess, som inneheld kartlegging av ressursane, mulighetene og behova dine og kartlegging av kva hjelpeapparatet og nettverket ditt kan gjera for deg og saman med deg.
- Ein god oversikt over dei tenestene du har med målsetting og tiltak.
- Ein oversikt over kven som er i arbeidsgruppa di og kven som skal gjere kva til ei kvar tid.
- Skal sikre samordning og brukarmedverknad.

Retten til IP er heimla i pasient – og brukarrettighetslova, men har innverknad for alle kommunale tenester. Planen skal omfatta alle tenestene du får. Ein IP skal ikkje utarbeidast utan ditt samtykke og du skal delta i planarbeidet.

Dersom du synes det er vanskeleg å møta tenesteapparatet åleine, har du rett til å ha med ein du er trygg på eller bli representert av verje i dei ulike møta og i arbeidet med den individuelle planen.

Ein IP gir deg ikkje utvida rett til tenester. Det vert gjort einskildvedtak for dei ulike tenestene.

Dersom du ynskjer å få oppnemnt koordinator og evt. utarbeidd individuell plan, kontaktar du:

- ein av tenesteytarane du alt har kontakt med eller
- Åshild Håvås tlf 53655620, koordinerande funksjon for koordinator og IP i Vindafjord kommune

Om klagerett:

Du kan og klaga dersom planprosessen eller plandokumenta er mangelfulle, dersom du ikkje får delta i planarbeidet eller dersom dei kommunale tenestene viser manglande vilje til samarbeid. Du kan klaga uavhengig av om du har fått ein plan eller ikkje. Grunngeven klage skal sendast til kommunen v/Koordinerande Funksjon. Dersom kommunen opprettheld vedtaket, går saka vidare til Fylkesmannen.

Lovheimlar for Individuell Plan:

Lov om sosiale tenester § 4-3a? Lov om pasient og brukarrettigheter § 2- 5. Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 7
Lov om psykisk helsevern § 4-1. Lov om spesialisthelsetenesta § 2-5